

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Folkehøgskolene

J.nr.190/05/Rundskriv

Folkehøgskoleorganisasjonene

Oslo 28.10.05

Folkehøgskolebladene

FHSR-rundskriv 29/05

OPPHALDSPENGAR SKOLEÅRET 2006/2007

Vedlagt følgjer vurderingar Økonomiutvalet har gjort for Folkehøgskolerådet med omsyn til prisutviklinga siste året i høve til utgifter for kost og losji.

Folkehøgskolerådet sender ikkje ut ei tilråding om minsteprisar, men ei oversikt over prisutviklinga, dette av omsyn til dialog med konkurransetilsynet.

Folkehøgskolerådet vil også gjere merksam på at nokre elevar som ber om spesiell diett har utvida økonomisk støtte av denne grunn.

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Lars Sigve Meling /s/
-leiar-

Odd Arild Netland
-sekretær-

Til folkehøgskulane

Oppholdspengar skoleåret 2006-07

Økonomiutvalet har vurdert prisutviklinga i samfunnet siste året i høve til utgifter for kost og husrom. Konsumprisindeksen har auka med 1,9% frå 15. aug 2004 til 15.aug 2005. Utvalet meiner det vil vera fullt forsvarleg å auka prisane med omlag 2% for 2006-07. Ein tar då med ein liten ekstra auke i lønskostnader.

	Skular som 2005-06 bruker:	Endra utgifter 2006-07 vil bety omlag:
Kost og husrom	41 300	42 200
Innm.pengar	1 025	1 050
Elevar som bur utanom internat	5 640	5 750
Utleige, døgerpris,vanlege kurs	380	390
Utleige, døgerpris,enklare kurs *	230	235
Gjestepris **	62	63
Råkostpris ***	41	42

Det kan også vera av interesse å vita at i 2005-06 tar skolane i gjennomsnitt:

Kost og husrom: kr 44.305,-
Innm. pengar: kr 1.072,-

* Utleige, enklare kurs: Denne prisen forutset overnatting på rom der kursdeltakarane sjølv gjer reint, ryddar rommet, event. overnatting på sal; eige sengetøy, hjelpe til i matsal, servering og rydding.

** Gjestepris per elev/døger ved innkvartering ved andre folkehøgskolar.

*** Råkostpris: Sats for refusjon av kostpengar til eigne internatelevar ved turar etc. per døger. Gjeld elevar, elevgrupper og skolar som må/vil nyitta andre skolar som innkvartering i samband med prosjekt, ved gjennomreise eller anna opphold som blir avtalt på førehand dersom skolane har slik kapasitet.